



SULA KOMMUNE

Vilje til å lykkast saman

Næringsstrategi 2026-2029



Innholdsliste

Kvifor ein næringsstrategi?.....	side 3
Sula - kjenneteikn, føresetnader og utfordringar.....	side 4
Dette skal vi satse på.....	side 5
Satsingsområde 1: Næringsattraktivitet.....	side 6
Satsingsområde 2: Bustadsattraktivitet.....	side 7
Satsingsområde 3: Besøksattraktivitet.....	side 8
Oppfølging av næringsstrategien.....	side 9



Kvifor ein næringsstrategi?

Sula kommune sin næringsstrategi skal gi ei samla retning for utvikling av lokalt næringsliv og verdiskaping, og sikre at kommunen legg til rette for eit berekraftig og konkurransedyktig næringsliv.

Strategien skal styrke samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og andre aktørar, og tydeleggjere korleis næringslivet og kommunen saman kan bidra til å realisere den ønska samfunnsutviklinga i Sula.


Strategien er forankra i kommunen sin samfunnsplan, og skal bidra til å nå fleire av måla i samfunnsplanen.

Gjennom strategien ønsker kommunen å synleggjere både sin eigen rolle som tilretteleggar og næringslivet sin rolle som aktiv medspelar i utviklinga av eit framtidsretta og attraktivt lokalsamfunn.

Næringsstrategien bygger på eit breitt kunnskapsgrunnlag.

- Lokale planar/strategiar og kunnskapsgrunnlag, inkludert eit eige [kunnskapsgrunnlag for samfunnsplanen som du kan lese her](#)
- Innspel og synspunkt frå næringslivet, kommuneorganisasjonen og academia

Næringsstrategien skal bidra til å utvikle ei kommune som er god å bu i, og som er attraktiv for næringsliv, arbeidstakarar og besøkande.



Relevante mål frå samfunnsplanen

Samfunnsmål 2

Sula har inkluderande lokalsamfunn for innbyggjarar i alle livsfasar

- Våre innbyggjarar er i arbeid eller aktivitet, og opplever å meistre eigen kvardag og eigen økonomi
- Vi har eit mangfald av bustadstypar og buformer i kommunen

Samfunnsmål 4

I Sula samarbeider kommunen, frivilligheita, næringslivet og innbyggjarar

- Sula er den leiande kultur- og friluftskommune i Ålesundregionen
- Kommunen samarbeider med næringslivet og frivilligheita for å legge til rette for omgjevnader og aktivitetar som fremmar folkehelse, kvardagsmeistring og samfunnsdeltaking
- Sula er ein næringsvennleg kommune som lukkast med dei grøne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og teknologiske moglegheiter

Sula - kjenneteikn, føresetnader og utfordringar

Sula er ein **livskraftig kommune med vekst** i folketalet. Ved inngangen til 2025 var folketalet i Sula på 9 759 innbyggjarar. Vi vil jobbe målretta mot at alle desse personane skal trivst. Fleire må også kunne jobbe i Sula. Sula er og skal fortsett vere ein attraktiv kommune å bu i.

Sula veks også meir enn det som er landsgjennomsnittet. Veksten dei siste 10 åra er på 904 personar, ei auke på 10,2 prosent. Dette er nesten 2 prosent meir enn landsgjennomsnittet og 6 prosent meir enn fylkesgjennomsnittet. Dette er i tråd med det ein ser i sentrale deler av landet, der randkommunane rundt dei større byane har sterkast vekst. Denne veksten skaper etterspurnad etter kommunale tenester og kommunale investeringar.

Sula er ein typisk **pendlarkommune**. I 2024 pendla 2 954 personar ut av Sula til arbeid i andre kommunar. Nær dei fleste pendla til Ålesund (2 300 , 78 prosent). Samtidig pendla 1 200 personar inn frå andre kommunar til arbeid i Sula. 916 av desse pendla frå Ålesund.

Pendling blir oftast skapt der det er underskot på arbeidsplassar i høve arbeidsstyrken. I Sula er trenden over tid ein låg arbeidsplassdekning. I 2024 var den på 65,1 prosent. I motsett tilfelle har Ålesund arbeidsplassdekning på 109,5 prosent.



Ålesundsregionen og Sunnmøre er **ein av dei sterkaste**

næringsregionane i landet. Sula er plassert midt i "smørauget" i

denne regionen. Særleg sterkt står maritim og marin næring. Bu- og arbeidsmarknadsregionen gjer at sulalendingane i stor grad også pendlar til arbeid i andre kommunar.

Fabrikkpipa og klokketårnet til Devoldfabrikken vitnar om ei tid då tekstilindustrien stod sterkt på Sula og i Langevåg. I dag har Devoldfabrikken blitt eit handelssenter med utsalgsbutikkar for kjende merkevarer. Gammal industrihistorie blir tatt vare på, samtidig som vi ser at kunst og kultur får sin plass i handelssenteret. Då Devold i si tid vart bygd opp, bidro også eigarane til utvikling av lokalsamfunnet, både gjennom konkrete bygg og bidrag til kultur og identitet. Dette ser vi framleis i kommunen i dag. **Næringslivet gjer ein stor innsats for å styrke det lokale kultur-, idretts- og friluftsmiljøet** i kommunen, og er framleis med på å utvikle Sula kommune.

Sula har i dag **eit levande næringslivet på fleire område og innanfor ulike bransjar**. Skipsbygging og verftsindustri er viktig. Likeins har Sula sentrale verksemdar innanfor marin olje og den såkalla Omega 3-klynga. I Sula finn vi også viktige marine bedrifter som driv med klippfiskproduksjon og lakseforedling. Det største engroslageret for detaljhandel/matvarer på Nordvestlandet er og heimehøyrande i Sula.



Illustrasjon: Eit utval av næringsaktørane i Sula

Dette skal vi satse på

God næringsutvikling handlar om god samfunnsutvikling, og måla i samfunnsplanen gir ei tydeleg retning for korleis Sula-samfunnet skal utvikle seg.

For å nå måla i samfunnsplanen har vi valt ut tre viktige satsingsområder. Dei tre satsingsområda representerer tre attraktivitetsdimensjonar knytt til næring, bustad og besøk*.

Dei tre satsingsområda i næringsstrategien er:


1. **Næringsattraktivitet**
2. **Bustadsattraktivitet**
3. **Besøksattraktivitet**

Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål som vi skal arbeide for å oppnå. Vidare kjem tiltak som både kommunen og næringslivet skal gjere for å nå måla. Desse tar utgangspunkt i det å forsterke det vi allereie er gode på, og det vi kan gjere enda betre.

Når kommunen, næringslivet, lag og organisasjonar, innbyggjarar og andre samarbeidsaktørar jobber mot desse satsingsområda, kan vi saman skape ein attraktiv Sula kommune der innbyggjarar, næringsliv og besøkande ønsker å vere.

Dette skal vi gjere ved å følge kommunen sin visjon:
Vilje til å lykkast saman.

* Telemarksforskning, 2011



Satsingsområde 1: **Næringsattraktivitet**

Mål:

- Sula har god tilgang på næringsareal og ein variert næringsstruktur
- Kommunen er ein serviceorientert samarbeidspartnar og inkluderer næringslivet i planar og strategiar
- Sula er attraktiv for etablering av nye verksemdar og gründarar
- Sula tiltrekker seg kompetent arbeidskraft gjennom gode utdannings- og opplæringsmoglegheiter
- Verksemdar i Sula har gode rammevilkår for grøn teknologi og sirkulærøkonomi
- Kommunen og næringslivet samarbeider om arrangement som fremjar næring- og samfunnsutvikling
- Næringslivsfrukost og innspelsmøter skal haldast minst to gongar årleg
- Kommunen skal ha etablert digitale spørreundersøkingar for næringslivet i løpet av 2026
- Minst 80 % av næringslivsaktørane skal oppleve kommunen som ein serviceorientert samarbeidspart innan 2028
- Kommunen skal delta i minst to større regionale samarbeidstiltak innan 2027

Dette skal kommunen gjere for å nå måla:

- Vi legg til rette for best mogleg rammevilkår for næringslivet, og er synlege og tilgjengelege for næringslivet
- Vi skal arbeide for å redusere konflikt mellom næringsutvikling og bustadsutvikling gjennom ein proaktiv tilnærming og god arealplanlegging
- Vi sikrar effektiv og føreseieleg saksbehandling
- Vi søker samarbeid med næringslivet om å opprette ei stilling som næringskoordinator
- Vi har gode støtteordningar og gi god rettleiing for oppstartsverksemdar
- Vi arrangerer årleg ordførarens næringslivsfrukost, og samarbeider med næringslivet om å arrangere Sula-konferansen
- Vi bidreg til reduksjon av klimagassutslepp i samarbeid med næringslivet
- Vi bidreg til å sikre god fysisk og digital infrastruktur som støttar næringsutvikling
- Vi er ein aktiv tilretteleggar for samarbeid, partnerskap og felles prosjekt
- Vi samarbeider med utdanningsinstitusjonar for å sikre relevant kompetanse
- Vi søker offentlege midlar for å styrke næringslivet

Dette skal næringslivet gjere for å nå måla:

- Vi deltek aktivt i næringsforeningar, nettverk og planprosessar
- Vi har god dialog med kontakt med kommunen og gir tilbakemelding som bidreg til utvikling
- Vi investerer i grøn teknologi og sirkulære løysingar
- Vi tilbyr lærlingplassar, praksis og traineeprogram, og samarbeider med skular om kompetnaseutvikling
- Vi arrangerer næringspub og andre arrangement for næringslivsaktørar og andre samarbeidspartnarar
- Vi samarbeider med kommunen om å arrangere Sula-konferansen
- Vi søker samarbeid med kommunen om å opprette ei stilling som næringskoordinator
- Vi samarbeider med kommunen om felles prosjekt og satsingar

Satsingsområde 2: **Bustadsattraktivitet**

Mål:

- Sula har eit mangfaldig og variert bustadtilbod med gode bumiljø
- Innbyggjarar i Sula har tilgang til trygge, effektive og inkluderande tenester innan helse, omsorg, oppvekst som samla styrker bustadsattraktiviteten
- Kommunen skal samarbeide med næringslivet og andre aktørar om å auke tilflyttinga til kommunen
- Kultur- og fritidstilbod er variert og tilgjengeleg for innbyggjarar i alle aldrar
- Langevåg sentrum og lokalsentra (Fiskarstrand/Mauseidvåg og Solavåg) har god infrastruktur, møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og tilgang til friluftsområder
- Langevåg sentrum er eit levande sentrum med handel, servering og kulturtilbod
- I Sula blir det arbeidd aktivt med integrering, inkludering og frivilligheit

Dette skal kommunen gjere for å nå måla:

- Vi regulerer areal og legg til rette for eit mangfaldig og variert bustadbygging som ivaretek sosiale omsyn og gode bumiljø
- Vi arbeider for god kvalitet på dei kommunale tenestene
- Vi støtter lokale lag og organisasjonar med tilskot, rettleiing og samarbeid
- Vi støttar opp under lokale kultur- og idrettsarrangement som styrkar fellesskapet
- Vi følger opp sentrumsplanen for å sikre ei blanding av handel, kultur og bustader
- Vi har fokus på teknisk og digitale infrastruktur, kollektivløysingar, inkluderande møteplassar og tilgang til nærtur- og friluftsområde når vi planlegg arealbruk i kommunen
- Vi skaper møteplassar og tiltak som fremjar integrering og inkludering, og legg til rette for samskapingsprosjekt mellom kommunen og innbyggjarane
- Vi synleggjer og feirar frivillig innsats, og styrkar frivilligheit som ein viktig del av lokalsamfunnet

Dette skal næringslivet gjere for å nå måla:

- Vi utviklar varierte bustadprosjekt med fokus på berekraft og gode bumiljø
- Vi samarbeider med skular om praksisplassar, bedriftsbesøk og lærlingordningar
- Vi støttar lokale kultur- og idrettslag og bidreg til arrangement som styrkar fellesskapet
- Vi bidreg til eit levande Langevåg sentrum gjennom handel, servering og aktivitetar
- Vi samarbeider med kommunen og frivilligheita for å tiltrekke seg oss nye innbyggjarar
- Vi deltek aktivt i inkluderingsprosjekt og samarbeid med NAV/kommunen
- Vi oppmuntrar tilsette til frivillig arbeid og lokalt engasjement

Satsingsområde 3:

Besøksattraktivitet

Mål:

- Sula er kjent for gode friluftsopplevingar, med tilrettelagte turstiar, badeplassar og utsiktspunkt
- Sula har eit godt system for skilting, merking og informasjon om tur- og friluftsområder
- Sula har eit variert kulturliv med festivalar, konserter og arrangement som trekker besøkande
- Kulturminner og historie vert formidla og gjort tilgjengeleg for besøkande
- Sula er eit attraktivt reisemål for aktivitetsturisme som kajakk, dykking, fjellturar
- Langevåg sentrum er eit levande sentrum med handel, servering og kulturtilbod
- I Sula er det godt tilrettelagt for besøkande som kjem med båt, bil og kollektivtransport

Dette skal kommunen gjere for å nå måla:

- Vi samarbeider med næringslivet, frivilligheita og andre aktørar om felles marknadsføring av Sula som reisemål
- Vi gir god rettleiing til verksemdar som ønsker å satse på reiseverksemd i kommunen
- Vi legg til rette for turstiar, badeplassar og utsiktspunkt med fokus på universell utforming
- Vi skal vedlikehalde og sikre naturverdiar og naturmangfaldet
- Vi utviklar skilting, digitale kart og informasjonstavlar for friluftsområder
- Vi støttar kulturaktørar og samarbeider med frivilligheita om museum, kulturstiar og formidling
- Vi legg til rette for samarbeid mellom aktørar som tilbyr opplevingar og aktivitetar
- Vi følger opp sentrumsplanen for å sikre eit levande Langevåg sentrum med handel, kultur og bustader
- Vi legg til rette for og samarbeider med andre aktørar om havneanlegg, parkering, kollektivknutepunkt og gode transportløyser

Dette skal næringslivet gjere for å nå måla:

- Vi samarbeider med kommunen, frivilligheita og andre aktørar om felles marknadsføring av Sula som reisemål
- Vi samarbeider på tvers av bransjer for å skape heilskaplege opplevingar
- Vi skal tilby informasjon om lokale attraksjonar og arrangement til kundar og gjestar

Oppfølging av næringsstrategien

Basert på næringsstrategien vil det bli utarbeida ein **årleg handlingsplan**. Handlingsplanen vil skildre kva for konkrete tiltak vi skal gjere.

Handlingsplanen må legge til grunn **politiske prioriteringar**, innspel frå **næringslivet, barn og unge, frivillige lag og organisasjonar** og **andre samarbeidsaktørar**.

For å sikre at desse perspektiva blir representert, vert det oppretta eit **næringsteam** som skal utarbeide handlingsplanen. Deltakarane i næringsteamet skal bestå av representantar frå kommunestyret, næringslivet, kommuneadministrasjonen, frivilligheita og Ungdomsrådet.



Foto: Øyvind Kåre Sunde